

## RAPPORT FRÅ STYRET 2022 HUUSTUNET SAMEIGE

Organisasjonsnummer 997 887 581

### 1. Sameiget si verksemd

Sameiget sitt namn er Huustunet Sameige

Sameiget består av 25 bustadseksjonar , på eigedommen gnr. 22, bnr. 238 i Sunnfjord kommune, som er festa tomt. Festeforholdet gjeld til festet vert sagt opp av festaren eller tomta vert innløyst, jfr lov om tomtefeste 20.12.2006 nr 106 § 7 første ledd. Festetida vert rekna frå desember 2011. Bortfester kan regulere festeavgifta etter tomtefestelova § 15. Sameiget står i fellesskap for drift og vedlikehald av denne eigedommen.

### 2. Styret og styret sitt arbeid

#### 2.1 Styret si samansetning

Styreleiar:	Tor Solheim
Styremedlemmer:	Astrid Helen Hovland Aslaug Solvær
Varamedlemmer:	Else Tefre Solveig Aardal Magne Midtbø
Valnemnd :	Eva Huus Sveinung Hovland

#### 2.2 Møteverksemd

Sidan siste ordinære sameigemøte har styret hatt 8 møter der i alt 28 protokollerte saker har vorte handsama.

Styret har hatt god kontakt med forretningsføraren om den daglege drifta av sameiget.

#### 2.3 Saker som har vore handsama

Forutan budsjett og rekneskap, har HMT-arbeidet stått på agendaen. 22 eigarar har siste året delteke på felles årleg service av eige ventilasjonsanlegg. Servicerapport er levert av utførande firma. Styre har bedt eigarar som utfører årleg service sjølv, levere rapportskjema til HMS-systemet. Ein eigar har ikkje levert rapport.

Tre leilegheiter har skifta eigar i perioden, leil. nr. 16, 17 og 36.

Styret ved leiar har sendt ut 13 Infobrev i 2022.

#### 2.4 Saker under arbeid og planlegging

Reinsing av avløp i alle leilegheiter og montering rensfilter golvvarme frå handlingsplanen 2022 er gjennomført.

Arbeidet med skifte veggplater av ventar svar på garantiproblematikk

I handlingsplan for vedlikehald 2023 er ført opp:

- Reinsing inntaksrister ventilasjon
- Skifte gulvrister garasje
- skifte av lysarmatur garasje

### 3. Sameiget si drift og økonomi

#### 3.1 Forretningsførsel og revisjon

Forretningsførselen er i samsvar med kontrakt, utført av BOB BBL.

Sameiget sin revisor er KPMG

#### 3.2 Sameiget sin eiedomsmasse og forsikring

Sameiget sine eiedommar er fullverdiforsikra ved bygningskasko i IF Skadeforsikring , med avtale nr. SP1371354.

**Forsikringa omfattar ikkje innbu og lausøre, slik forsikring må teiknast av seksjonseigar eller eventuelt også av leigetakar om det er utleige**

Eigenandel ved skader i 2022 er kr. 10 000,-

Dersom sameiget si forsikring skal nyttast må styret/seksjonseigar/bebuar straks ta kontakt med Bjørn Inge Kvamme på tlf 40 62 26 05 slik at skademelding kan verte sendt til forsikringsselskapet.

#### 3.3 Økonomi

##### 3.3.1 Kommenterar til resultatregneskapet for 2022

Rekneskapet er pr.31.12.2022 gjort opp med eit negativt resultat på - kr. 3.928,- mot eit budsjettert positivt resultat på kr.8.025,-.

Underskot kjem i hovudsak frå ekstra kostnad på heis med kr. 27.221,-

##### 3.3.2 Disponible midlar

Endring i dei disponible midlane i år er *positiv* med kr 18.047,-.

Totale disponible midlar pr 31.12.2022 er kr 103.284,- .

Eigenkapitalen i sameige er positiv med kr.156.390,-


### 4. Tilhøve som har oppstått etter utgangen av rekneskapsåret

Det har ikkje oppstått vesentlege tilhøve etter utgangen av rekneskapsåret som har påverknad på vedlagde årsrekneskap.


### 5.Føresetnad om fortsett drift

Styret stadfester at føresetnaden for fortsatt drift av sameiget er lagt til grunn ved utarbeidinga av årsrekneskapet.

Førde 23.03.2023

  
Tor Solheim  
styreleiar

  
Astrid Hovland

  
Solgunn Årdal



## SAKSUTGREIING

**Sak 1/23**      **Konstituering**  
Utan tilråding

**Sak 2/23**      **Rapport frå styre 2022**  
Utgreiing      :

Det er ikkje lenger lovkrav om å skrive årsrapport. Styret har utarbeidd årsrapport for 2022 og ynskjer legge denne fram for årsmøte.  
Utfyllande aktivitet i styre finn ein i infobrev frå 2022.

Forslag til vedtak      :  
*Årsrapport frå styre 2022 er teken til etterretning.*

Vedlegg      :      Rapport frå styre 2022

**Sak 3/23**      **Årsregnskap 2022**  
Utgreiing      :

Regneskapen er pr.31.12.2022 gjort opp med eit negativt resultat på kr. 3.928, mot eit budsjettert resultat på kr. 8.025,-.  
Underskotet kjem i hovudsak frå ekstra kostnad på heis med kr. 27.221,-  
Endring i dei disponible midlane i år er *positivt* med kr 18.047,-  
Totale disponible midlar pr 31.12.2021 er kr 103.284,- .  
Eigenkapitalen i sameige er positiv med kr. 156.390,-

Forslag til vedtak      :  
*Framlagde årsregnskap for 2022 godkjent*  
Vedlegg      :      Årsregnskap 2022  
Vedlegg      :      Revisjonsberetning

**Sak 4/23**      **Godtgjersle**  
**Sak 4.1**      **Godtgjersle styre**

Utgreiing      :  
Styrehonorar vert vedteke etterskotsvis. Årsmøte vedtek styrehonorar for perioden frå førre årsmøte våren 2022 til og med ordinært årsmøte 2023.  
Valnemnda legg fram forslag til styrehonorar for perioden 2022 til 2023.

Forslag til vedtak :  
*Valnemnda sitt forslag vedteke.*

**Sak 4.2**      **Godtgjersle anna arbeid**

Utgreiing :  
Dugnadsarbeid er i 2022 godtgjort med kr. 170,- pr. dokumenter dugnadstime.  
Rår til ein auke med 3,3 %.

Forslag vedtak      :  
*Anna arbeide (dugnadsarbeid) vert for 2023 godtgjort med kr. 175,60,- pr. time.*



**Sak 5/23 Val av styre**

Utgreiing :

I vedtektene §4-1 Styret si samansetting heiter det i andre avsnitt :  
Styremedlemer samt varamedlemer tenestegjer i to år.

Grunna endringar i vedtektene er det dette året berre eit medlem på val.  
På val dette året er styremedlem Astrid Hovland.  
Valnemnda legg fram forslag til val av nytt styremedlem

Forslag til vedtak :  
*Valnemnda sitt forslag vedteke*

**Sak 6/23 Andre saker**

**Sak 6.1 Orientering budsjett 2023**

Utgreiing :

Styre er ansvarleg for vedlikehald utvendig og innvending fellesareal og godkjenner budsjett.  
Eigarane har ynskje om orientering av budsjett på årsmøte. Handsaming av budsjett i styre  
vert difor lagt fram til orientering.

Styre gjorde i styremøte 21.11.2022 i sak 24/22 slikt vedtak:

*Styret vedtek budsjett 2023 på kr.977.903,- . Budsjettet er gjort opp om lag i balanse.  
Styre rår til at noverande felleskostnader held fram ut 2023.*

Forslag til vedtak :  
*Årsmøte tek vedtekne budsjett 2023 til vitande.*  
Vedlegg : Budsjett 2023

**Sak 6.2 Innkome saker**

**6.2.1 Orientering HMS arbeidet**

Utgreiing :


I samband med utsende sjekkliste på e-post 20.3. er det meldt inn ynskje om orientering om  
juridiske krav rundt HMS arbeidet i sameige.

HMS arbeidet i sameige har styre bygd på ;

- **Lov om sameige &6, &32 og &34**
- **Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerheitsarbeid &5**

I vedtektene våre er HMS arbeidet bygt på & 4.2 og & 5-2. I pkt.9 er det ved misleghald av  
vedlikehaldsplikta vist til & 34 i eigarseksjonslova. Utsende sjekkliste går inn i HMS-planen  
til sameige og vart som opplyst vedteke utsendt i styremøte 30.1.2023.

Forslag til vedtak :  
*Orientering om HMS arbeidet teken til etterretning.*

  
Tor Solheim  
styreleiar